



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 31.10.2016

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 15:45 - 18:45

Det vert sett fram mat i starten av møte.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V til sak 078, 079 og 080	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Astrid Daae Kristiansen	H	Atle Nordland
Lillian Andvik	Krf	Jon Hope
Ivar Holmaas	V til sak 081, 082, 083 og 084	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsgen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
078/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
079/2016	Godkjenning av møtebok
080/2016	Godkjenning av møtebok
081/2016	Kjøp av private tenester - dagtilbod
082/2016	Høyring av søknad om konsesjonsendring av 420 kV- kraftlinje Modalen - Mongstad
001/2016	Orientering frå rådmann
083/2016	Referatsak
084/2016	Spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar

078/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar gjorde framlegg om at Wenche Dåe og John Torsvik skulle skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 078/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

079/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

28.09.2016 KOMMUNESTYRET

John Torsvik (H) sa at det var ein mogleg feil i møteprotokollen for sak 47.

Etter møtet konfererte ordførar og rådmann med forslagsstillar. Ein vart då samde om at denne saka må oppatt i neste kommunestyremøte.

KS - 058/2016 VEDTAK:

Saka vert utsett og kjem opp att i neste kommunestyremøte.

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Kartstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 079/2016 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyret 22.06.16 vert godkjend.

080/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 080/2016 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyret 28.09.16 vert godkjend.

081/2016: Kjøp av private tenester - dagtilbod

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmann tilrår at kommunen utarbeidar ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 098/2016 VEDTAK:

Rådmann tilrår at kommunen utarbeidar ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 081/2016 VEDTAK:

Rådmann tilrår at kommunen utarbeidar ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

082/2016: Høyring av søknad om konsesjonsendring av 420 kV- kraftlinje Modalen - Mongstad

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune rår i frå den omsøkte løysinga som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne veggtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværområdet, og vera heilt i strid med reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje så store positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringsplanen vil.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordførar sette fram følgjande tilleggspunkt:

Om NVE likevel ikkje skulle følgje kommunen sitt primærstandpunkt i denne saka, ber Masfjorden kommune om at følgjande avbøtande tiltak vert vurdert nærmare:

- NVE må påleggja BKK Nett å leggja ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringsplanen viser, slik at denne bedrifta får erstatningsareal for ulemper omsøkt vegløsing medfører for denne bedrifta.
- BKK må få plikt til å halde tilkomstvegen open for ålmenn ferdsla heilt fram til næringsområdet.
- NVE må påleggja BKK Nett å forlenga omsøkt veg med ein gangveg frå transformatorstasjonen og opp til E39 sør for Trodalstjørna (ved parkeringslomme der stien til Bjørnestegvatnet og Myrbærdalen startar). Dette som eit avbøtande tiltak for ålmenta og friluftslivet.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune rår til at omsøkt tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon vert godkjent.

Grunngjeving:

- Mindre støy og søl vil gjere gang- og sykkelvegen meir attraktiv for brukarane.
- Om vinteren unngår ein at all snøen frå brøytning av E39 hamnar i gang- og sykkelvegen.
- Bygdefolk som vil bruke vegen ynskjer at den får avstand til E39.
- At den eine kraftlinja blir fjerna og kabla vil gjere det mykje meir attraktivt å fiske langs vatnet. Slik det er no er det lett for at fiskesnøret set seg fast i linja.
- Det er eit billigare alternativ som gagnar utbyggjar og bygda best.
- Kan brukast som omkjøringsveg for uthykningskjøretøy ved større trafikkulykker eller ras på eksisterande vegstrekning.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt frå H vart røysta opp mot Sp sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt frå H vart vedteke mot ei røyst (Sp)

FS - 100/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune rår i frå den omsøkte løysinga som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne vegtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværrområdet, og vera heilt i strid med reguleringssplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje så store positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringssplanen vil.

Om NVE likevel ikkje skulle følgje kommunen sitt primærstandpunkt i denne saka, ber Masfjorden kommune om at følgjande avbøtande tiltak vert vurdert nærmare:

- NVE må påleggja BKK Nett å leggja ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringssplanen viser, slik at denne bedrifta får erstatningsareal for ulempar omsøkt vegløsing medfører for denne bedrifta.
- BKK må få plikt til å halde tilkomstvegen open for ålmenn ferdsle heilt fram til næringsområdet.
- NVE må påleggja BKK Nett å forlenga omsøkt veg med ein gangveg frå transformatorstasjonen og opp til E39 sør for Trodalstjørna (ved parkeringslomme der stien til Bjørnestegvatnet og Myrbærdalen startar). Dette som eit avbøtande tiltak for ålmenta og friluftslivet.

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner omsøkt tilkomstveg på vestsida av Haugsværvatnet til transformatorstasjonen på følgjande vilkår:

1. BKK Nett må forlenga omsøkt veg med ein gang- og sykkelsti i 3m breidde frå transformatorstasjonen og opp til parkeringslomma sør for Trodalstjørna.
2. BKK må forplikta seg til å halde tilkomstsvegen open for ålmenn ferdsel.
3. BKK Nett må forplikta seg til å leggje ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Autto slik regulereringsplanen viser.

Røysting:

Framlegg frå formannskapet og framlegg frå Sp vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke mot 1 røyst (Geir Egil Haugsvær (Sp)).

KS - 082/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune rår i frå den omsøkte løysinga som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne vegtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværrområdet, og vera heilt i strid med reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje så store positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringsplanen vil.

Om NVE likevel ikkje skulle følgje kommunen sitt primærstandpunkt i denne saka, ber Masfjorden kommune om at følgjande avbøtande tiltak vert vurdert nærmare:

- NVE må påleggja BKK Nett å leggja ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringsplanen viser, slik at denne bedrifta får erstatningsareal for ulemper omsøkt vegløysing medfører for denne bedrifta.
 - BKK må få plikt til å halde tilkomstvegen open for ålmenn ferdsle heilt fram til næringsområdet.
 - NVE må påleggja BKK Nett å forlenga omsøkt veg med ein gangveg frå transformatorstasjonen og opp til E39 sør for Trodalstjørna (ved parkeringslomme der stien til Bjørnestegvatnet og Myrbærdalen startar). Dette som eit avbøtande tiltak for ålmenta og friluftslivet.
-

001/2016: Orientering frå rådmann

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Orienteringssaker:

- Budsjettframlegg 2017

Budsjettframlegg 2017. Driftsbudsjettet for 2017 er i balanse og i tråd med dei politiske føringane som er gitt med omsyn til m.a. netto driftsresultat på minimum 1 mill.kr., og framlegget inneber eit netto driftsresultat på 0,7%, samt innarbeidd konsekvensar av redusert eigedomsskatt kraftverk og konsekvensar av nytt inntektssystem.

Personal- og økonomileiar Kristian Moen la fram framlegget for 2017-driftsbudsjetten slik det ser ut no – hovudoversikta og hovudtrekk i form av vidareføring av dagens driftsnivå. Nokre rammeområde over tildelt budsjetttramme, og klarer vi å ta desse ned mot tildelt ramme, har vi og eit budsjett med positivt brutto driftsresultat, no med negativ ca. 1,2 mill.kr.

Investeringsbudsjettet 2017 og økonomiplanen må ein arbeidde vidare med, ein del prosjekt i 2016 vert utsett. Viktig med god balanse mellom drift og investeringsnivå.

- Status investeringsprosjekt 2016

Teknisk sjef Roald Kvindedal gjekk gjennom status for investeringsprosjekt som var planlagt utført i 2016. Investeringsprosjekt som gjeld veg er lista i tabellen under:

			Utført veke
Veg	Stordalsvegen	Asfaltering Tilleggs bevilgning KS juni 16 600.000	33
Veg 1584m	Einestrond Sandnesstykke Sandneslia Arekletten	Asfaltering Asfaltering Asfaltering Asfaltering	36-39
	Legene	Reperasjon, sporfylling grøfterens, stikkrenne.	43 - 44
	Solheimsneset	Vert gjort veke 44 , Reperasjon etter husbygging omlegging av leidningar.	44
	Trodalsleitet	Vert gjort 2017	2017
	Kjetland bru	Nytt rekktverk på bruia. Statens vegvesen skal prosjektera nytt rekktverk til bruia, 1 kvartal 2017	Vert ikkje utført i 2016, må finne betre løysing på rekktvert i forhold til gråsteinsbru.

- LVK-orientering (utdeling av hefte i sjølve KS-møte)

Kommunestyremedlemmene vert oppfordra til å lese hefte frå LVK.

- Kraftinntekter + LVK-nytt 12.10.2016

Rådmannen utarbeider eit skriv som kommunestyremedlemmene må bruke inn mot sine fylkes- og landsparti for å fremje Masfjorden sitt syn når det gjeld dei vedtekne endringane i grunnlaget for utrekning av kraftinntekter.

- Service- og næringsbygg Hosteland / Fensfjordbygg
Rådmannen informerte om at ein må gjennom ei frivillig intensjonskunngjering i Doffin om at kommunen treng areal på Nordsida til ulike kommunale oppgåver. Dette gjer at prosjektet tar litt lenger tid enn tidlegare planlagt.
 - Møteplan 2017Framlegg til møteplan for 2017 vart godkjent.
-

083/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Referatsaker:

1. Takk for ditt höringssvar til Höring - nye oppgaver til større kommuner
2. Busetting av flyktninger - reduksjon av vedtak

Wenke Fredheim Ekren spurte om ein kunne få flyktningkonsulentane til å fortelle kva dei jobbar med i neste kommunestyret. Ordførar svara at dette burde ein få til.

3. Statsbudsjettet - Staten øker grunnrenteskatten for å kompensere skattebortfallet som følge av en redusert selskapsskatt
 4. VS: 16/28241 INNEKLIMAKARTLEGGING I NORDBYGDA BARNEHAGE - AVD. HESTEHOVEN
 5. Nærpolitireforma - Innbyding til höring - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur
 6. Vestlandsregion – höring
-

Grunnjeve spørsmål fra Jon Hope:

På kommunen si postliste for 26. september fann underskrivne skriv 16/5144 frå Sølv Molland om vegen til Legene, der foreldra hennar bur.

For å få meir kunnskap om vegen, tok eg difor ein tur dit. Eg konstaterte då at vegen var mykje nedsliten.

På trestader, ei samla lengde på 15 – 20 meter, der vegen er brattast, hadde vatnet grave oljegrusen bort, og her bør noko verta gjort straks.

Grunnen til skaden var attgrødde veggrøfter, slik at vatnet hadde rent inn i vegen.
Likeeins bør vegen prioriterast med tanke på utbetring.

Masfjorden har satsa på at eldre skal få bu heime lengst mogeleg. Då er det viktig at vegane fram til husa, er farbare både sommar og vinter.

Dersom eg har vorte rett informert, har utbetring av vegen vore inne på plan for oljegrusing, men stroken seinare.

KrF stiller difor spørsmålet:

Når kan ein rekna med å få gjort noko med dei verste 15 – 20 meter veg, og deretter, når kan heile vegen verta utbetra?

Me vil gjerne at ordføraren gjev ei orientering om dette på komande møte i kommunestyret.

Svar frå teknisk sjef Roald Kvingedal:

Orientering om dette på komande møte i kommunestyret. Måndag 31.Okt.Teknisk skal den 27.10.2016 i gang ned utbetring av vegen, det vert reperasjon av stikkrenn, grøfterensk, og sporfylling med asfalt. Dette vert utført veke 43-44.

Asfaltering av heile vegen er med i forslaget frå Teknisk til prioritering av veg og bruer for 2017. Legene ligg på 4 plass på prioritering.

Geir Egil Haugsvær (Sp) stilte spørsmål om det vert feia annakvart år? Rådmannen svara at ein hadde ikkje fått nokon tilbakemelding om at det ikkje vert gjeve tilbod om feiing annakvart år.

Janne Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) stilte spørsmål ang saka om lys i tunnelane i kommunen eventuelt kvitmaling av tunnelvegger. Ordfører svara at det var ikkje noko nytt i denne saka.

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte om møte ang Kjetland bru. Arbeidet med nytt rekkverk vert ikkje utført i år.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) stilte spørsmål om skifte av golvbelegg på Nordbygda skule med bruk av øyremerka midlar var utført. Teknisk sjef svara at det vert gjort i løpet av året.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 083/2016 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

084/2016: Spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tek tilbakemeldinga frå rådmannen til orientering.

31.10.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Leiar for oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 084/2016 VEDTAK:

Kommunestyret tek tilbakemeldinga frå rådmannen til orientering.

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 31.10.16 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Wenche Dåe
kommunestyremedlem

John Torsvik
kommunestyremedlem